



SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 21/318 -
Arkivkode: 25

Sakshandsamar: Rebekka Høgestøl

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 31/21	FORMANNSKAPET	04.05.2021

KRITERIA OPEN SØKNAD KUNST OG KULTURFORMIDLING

SAKSUTGREIING:

I samband med at formannskapet skulle godkjenne open søknad **om støtte til kulturuttrykk** i PS 19/21 kom det fram at me treng nokre kriteria slik at den vert lettare i framtida å avgjere kven som kan få støtte, og til kva føremål. Formannskapet gjorde slikt vedtak i PS 19/21:

«For å sikre større grad av likebehandling av søknader og forutberegnelighet for søkarar, skal det i etterkant utarbeidast enkle retningslinjer for kommunal støtte til kulturprosjekt til personar eller grupper som faller utanom andre ordningar for kulturstøtte.»

Rådmannen forstår det slik at føringa først og fremst gjeld tilfeldige søknader om støtte til ulike kulturprosjekt og kulturuttrykk. Støtte til individuelle kulturuttrykk er per i dag ikkje ivaretatt gjennom faste tilskotsordningar. Vår vurdering er at det ikkje er tenleg å oppretta ei eiga ordning for faste løyvingar til denne type aktivitet, men ser det som positivt at det vert slått fast nokre retningslinjer som gjer det enklare å handsama tilfeldige søknader.

Tysnes kommune ynskjer at

- midlane skal verka og inspirera til lokalt engasjement
- midlane skal verka og inspirera lag/organisasjonar/einskildpersonar til å dra i gang nye og gode initiativ som vil gi effekt i lokalsamfunnet og ha varig verdi
- midlane skal verka til og inspirera til å fremja nyskaping, innovasjon og utvikling i Tysnes kommune.

Opne søknader blir handsama av formannskapet og i første rekkje finansiert gjennom formannskapene sine tilleggsløyvingar, søknader vert handsama fortløpande.

Me føreslår at midlane blir tildelt etter fylgjande kriteria

1. Alle som søker må ha organisasjonsnummer.
2. Søklar eller prosjektet må ha forankring i Tysnes samfunnet.
3. Det kan i utgangspunktet ikkje gjevast støtte utover kr. 20.000, til eit einskilt prosjekt. Det kan gjerast unntak der prosjektet har vesentlege verknader for marknadsføring, identitet og utvikling av Tysnes samfunnet.
4. Det skal leggjast fram ein finansieringsplan for prosjektet, støtte frå andre aktørar kan tilleggjast vekt.
5. Støtte er ein eingongsstøtte, det vert ikkje gjeve støtte til driftskostnader.
6. Støtte vert gjeve til slutføring av prosjekt, til dømes arrangement, utstilling, musikkinnspeling, bokutgjevingar m.m. Det vert ikkje gjeve støtte til forarbeid og konseptutvikling.
7. Handsaming av kvar søknad skjer etter kvart som dei kjem inn.
8. Alle søknader skal handsamast ope.
9. Tiltaket/prosjektet skal gjennomførast innan eitt år etter midlar er tildelt
10. Sluttrapport og rekneskap skal leverast eitt år etter midlar er tildelt
11. Søknad skal sendast til post@tysnes.kommune.no
12. Det skal liggja ute informasjon om mål og vilkår for ordninga på Tysnes kommune sin nettstad

Etablering av kriteria for handsaming av søknader har i seg sjølv ingen økonomiske konsekvensar. Det er viktig å vera merksam på at det ikkje ligg faste løyvingar til denne type søknader og at punkt 3 i dei føreslegne kriteriene berre gjev ei øvre ramme for eit eventuelt tilskot og ikkje inneber at alle søknader vil få tilskot.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune fastset følgjande mål og kriterier for vurderinga av opne søknader om støtte til kunst- og kulturuttrykk:

Mål:

- midlane skal verka og inspirera til lokalt engasjement
- midlane skal verka og inspirera lag/organisasjonar/einskildpersonar til å dra i gang nye og gode initiativ som vil gi effekt i lokalsamfunnet og ha varig verdi
- midlane skal verka til og inspirera til å fremja nyskaping, innovasjon og utvikling i Tysnes kommune.

Kriteria:

- Alle som søker må ha organisasjonsnummer.
- Søklar eller prosjektet må ha forankring i Tysnes samfunnet.

- Det kan i utgangspunktet ikkje gjevast støtte utover kr. 20.000, til eit einskilt prosjekt. Det kan gjerast unntak der prosjektet har vesentlege verknader for marknadsføring, identitet og utvikling av Tysnes samfunnet.
- Det skal leggjast fram ein finansieringsplan for prosjektet, støtte frå andre aktørar kan tilleggast vekt.
- Støtte er ein eingongsstøtte, det vert ikkje gjeve støtte til driftskostnader.
- Støtte vert gjeve til slutføring av prosjekt, til dømes arrangement, utstilling, musikkinnspeling, bokutgjevingar m.m. Det vert ikkje gjeve støtte til forarbeid og konseptutvikling.
- Handsaming av kvar søknad skjer etter kvart som dei kjem inn.
- Alle søknader skal handsamast ope.
- Tiltaket/prosjektet skal gjennomførast innan eitt år etter midlar er tildelt
- Sluttrapport og rekneskap skal leverast eitt år etter midlar er tildelt
- Søknad skal sendast til post@tysnes.kommune.no
- Det skal liggja ute informasjon om mål og vilkår for ordninga på Tysnes kommune sin nettstad

Vera open om retningslinjer for gåvetildeling og om søknadsprosessen.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 04.05.2021:

Tysnes kommune fastset følgjande mål og kriterier for vurderinga av opne søknader om støtte til kunst- og kulturuttrykk:

Mål:

- midlane skal verka og inspirera til lokalt engasjement
- midlane skal verka og inspirera lag/organisasjonar/einskildpersonar til å dra i gang nye og gode initiativ som vil gi effekt i lokalsamfunnet og ha varig verdi
- midlane skal verka til og inspirera til å fremja nyskaping, innovasjon og utvikling i Tysnes kommune.

Kriteria:

- Alle som søker må ha organisasjonsnummer.
- Søklar eller prosjektet må ha forankring i Tysnes samfunnet.
- Det kan i utgangspunktet ikkje gjevast støtte utover kr. 20.000, til eit einskilt prosjekt. Det kan gjerast unntak der prosjektet har vesentlege verknader for marknadsføring, identitet og utvikling av Tysnes samfunnet.
- Det skal leggjast fram ein finansieringsplan for prosjektet, støtte frå andre aktørar kan tilleggast vekt.
- Støtte er ein eingongsstøtte, det vert ikkje gjeve støtte til driftskostnader.
- Støtte vert gjeve til slutføring av prosjekt, til dømes arrangement, utstilling, musikkinnspeling, bokutgjevingar m.m. Det vert ikkje gjeve støtte til forarbeid og konseptutvikling.
- Handsaming av kvar søknad skjer etter kvart som dei kjem inn.

- Alle søknader skal handsamast ope.
- Tiltaket/prosjektet skal gjennomførast innan eitt år etter midlar er tildelt
- Sluttrapport og rekneskap skal leverast eitt år etter midlar er tildelt
- Søknad skal sendast til post@tysnes.kommune.no
- Det skal liggja ute informasjon om mål og vilkår for ordninga på Tysnes kommune sin nettstad

Vera open om retningsliner for gåvetildeling og om søknadsprosessen.